



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Vår dato:

21.10.2020

Vår ref:

2020/14101

Dykkar dato:

15.09.2020

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anniken Friis, 5557 2313

Ingrid Torsnes, 5557 2320

## Fråsegn til endra utbyggingsplanar - Onarheim kraftverk

---

**Fylkesmannen rår i utgangspunktet frå endring av utbyggingsløysinga slik den er fastsett av OED. Dersom NVE likevel godtek endra planer, legg vi til grunn at omsyn til landskapet vert ivareteke fullt ut.**

---

Fylkesmannen viser til søknad frå SKL om endra utbyggingsplanar for Onarheim kraftverk i Kvinnherad.

### Bakgrunn

Første konsesjonssøknad var på høyring i 2017. I høyringfasen vart inntaket flytta om lag 200 m nedstraums Bremsvatnet for å redusere negative verknader for landskap og friluftsliv. Tiltaket fekk konsesjon frå NVE 10.01.2029. Vedtaket vart påklaga av fleire partar. Olje- og energidepartementet (OED) ga endeleg konsesjon til utbygging 19.03.2020. I departementets oppsummering av klage handsaminga står det:

*«Departementet finn at Onarheim kraftverk med vassveg i tunnel i øvre del, fastsette vilkår om slepp av minstevassføring og god landskapstilpassing av inntak og kraftstasjon, vil ha akseptable ulemper for landskap, friluftsliv oa andre interesser.»*

SKL søker no at om lag 435 m i øvste del av vassvegen vert endra frå borehol til nedgrave røyr. Dei vil oppnå følgjande:

- Reduksjon i risiko for utslepp til drikkevasskjelde i anleggsfase
- Kortare og meir forutsigbar anleggsperiode
- Anleggsfase utan bruk av helikopter
- Lågare utbyggingskostnad
- Eit meir driftssikkert kraftverk



Det går fram av søknaden at det vil vere meir teknisk utfordrande å byggje borehol enn å byggje røyrgate. Vidare vil boreholsløysing krevje eit noko større sedimentbasseng enn det som framgår av søknaden, for å unngå utslepp til elva. SKL peiker på at inntaket no ligg nede i vegetasjonsbeltet, og at fordelane ved borehol difor er redusert sett i forhold til opphavleg konsesjonssøknad. Dei viser til at traseen ligg i god avstand frå stien på nordsida av elva, og vil vere lite synleg for turgåarar. Det blir nødvendig å byggje mellombels anleggsveg langs røyrgata, men denne blir fjerna og revegetert saman med røyrgata.

### Merknad

Fylkesmannen legg til grunn at tiltaket uansett løysing skal gjennomførast på ein slik måte at tiltaket ikkje fører til forureining. Omsyn til forureining bør ikkje vere tungtvegande moment i denne saka.

Når det gjeld landskapsmessige verknader av å byggje røyrgate i heile traseen, må vi vise til søknaden. Denne har eitt oversiktsfoto, men ingen fotodokumentasjon, til dømes frå turstien. Vi er usikker på om frilufts- og landskapsinteressene blir påverka meir enn det som kjem fram av søknaden.

Fylkesmannen meiner at det i utgangspunktet er lite grunnlag for å tillate endring av utbyggingsløysinga som er fastsett av OED. Dersom NVE likevel vil godta endra planer, legg vi til grunn at omsyn til landskap vert ivaretak fullt ut.

Med helsing

Eline Orheim  
seksjonssjef

Anniken Friis  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

MILJØDIREKTORATET  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE  
KVINNHERAD KOMMUNE  
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV  
HORDALAND

Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Postboks 7900	5020	BERGEN
Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Tverrgaten 4	5017	BERGEN